

ÅRSMØTE I VENELAGET OLAV H. HAUGE

Stad: Rossvoll, i huset etter Olav H. Hauge
Tid: Laurdag 18. september 2010, kl. 09.–10.30

Me inviterer med dette alle våre medlemmar til årsmøtet for 2010. Som førre gongen i 2008 er vi også denne gongen av eigaren Stein Olav Kolås inviterte til å halda årsmøtet på Rossvoll. Det er vi svært glade for.

Program:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Konstituering
 - Val av møteleiar
 - Val av referent
 - Val av tellekorps
3. Regnskap 2008–2010, ved kasserar
4. Oppsummering 2008–2010, ved styret
5. Innkomne saker
6. Val for perioden 2010–2012, ved leiar for valkomiteen
7. Vegem framover for Venelaget Olav H. Hauge (ordet fritt)

Vel møtt!

Kontakt styret for meir informasjon:

post@venelagethauge.no

Telefon: 91695164 (styreleiar Unni Solem)

Kjære medlem i Venelaget Olav H Hauge!

Her kjem innkalling til vårt årsmøte saman med programmet for Poesifestivalen 2010.

Programmet er omfattande og spennande, både litterært og musikalsk. Vi vonar det fell i smak, og at mange av Venelaget sine medlemmer vil ta turen til Ulvik denne september-helga.

Vi kan ikkje spå om været, men røynsle frå tidlegare år tillet oss å vona milde og rimeleg tørre dagar.

I tillegg til sjølve Poesifestivalen, innbyr vi til seminar torsdag 16/9 kl 12-18. Temaet er "Den fleirfaglege Hauge", og seminaret er denne gongen særleg mynta på pedagogar som arbeider med formidling av litteratur og poesi til barn og unge. Men andre vil og ha glede av tema.

Kurshaldarane frå Høgskulen i Bergen, leia av Aslaug Nyrnes, har laga eit svært interessant program. Frist for påmelding er ute, men ta kontakt dersom du er interessert i å ettermelda deg. Vi har sett taket for deltakarar til 50 personar. Sjå heimesida vår

www.venelagethauge.no

Når det gjeld Venelaget si Årsmelding om aktivitetar i denne 2-årsbolken, vil eg leggja ut meldinga seinare, på heimesida.

Vel møtt til alle!

Ulvik august 2010,

Unni Solem, styreleiar.